

Referat

STYREMØTE NR. 2 i ØIL – 27.04.2016

Møte		Referat	
Dato	27.04.2016 kl. 19:00	Deltakarar	Arne Lunestad / leiar Giedre Keturakiene / kasserar Rune Vik / skrivar Linn Beate Haugslund Ur/ styremedl. Åshild Bekkesletten/ 1. vara Lillian Kvamsøy / boccia-gruppa Leiv Sandven / trimgruppa Olav Kreken/ orientering
Stad	Holmatun	Forfall	Frank Kjøsnes / nestleiar Linn Beate Haugslund Ur/ styremedl. Silje Laupsa Mo/ styremedlem Marit Buttingsrud/ styremedlem Ola Fjerdingsrud/ fotballgruppa
Referent	Rune Vik	Kopi	
Neste møte	Torsdag 02.06.2016 kl. 19:00		

Nr	Sak	Frist	Ansvar oppfølging
2.1	Saker		
.1	<u>Godkjenning av førre styremøtereferat</u> Møtereferat nr. 1-2016 vart godkjent.	info	
.2	<u>Status - idrettsregistrering i KlubbAdmin, m.v.</u> Idrettsregistreringa skjer på plattformen KlubbAdmin.no. Frist for registrering er av idrettsforbundet sett til 30.04.16. - Registrering av medlemmer 2015 + små grupper, m.v. - Registrering av hovudstyret i ØIL - Registrering for fotballgruppa / Øystese fotball Momskompensasjon: Søknad om momskompensasjon skjer også via KlubbAdmin. Kan gjennomførast no, men siste frist er 15.08.2016. Brønnsundreg.: Innråp. nytt styre til Brønnsund skjer også via KlubbAdmin. Årsmøteprotokoll er lasta inn i KlubbAdmin, og skal vedleggjast ved innrapportering. ØIL-medlemsregister inn i KlubbAdmin	info OK OK OK 15/8 31/12	styret Rune V. fotballgruppestyret Arne L./Giedre
	<ul style="list-style-type: none"> • I følge idrettskretsen kan idrettsforbundet importere medlemsregisteret til ØIL frå exceloppsettet. • Medlemsoppsettet må ajourførast med fødselsdatoar, epostadresser, m.v. • Fotballgruppa må samtidig rydde/ajourføre i FIX. • Sjå på medlemsadm.løysingar i KlubbAdmin. 		

	<ul style="list-style-type: none"> - Manglar på to personar som er sett opp som assistent-trenarar. - Manglar på ein som er sett opp som trenar i team. <p>Må fylgjast opp både av politiattestansvarleg og fotballgruppa.</p>		
.7	<p><u>DropBox som fildeling-system for ØIL hovudlag og grupper</u></p> <p>Arne informerte om droppboks. Alle dokument vert tilgjengeleg for styret på droppboks. Gjeld nye dokument. Dermed har alle tilgang til lik informasjon.</p>	info	Rune V./ fotballgruppa
.8	<p><u>Medlemskontingent – pakking/utsending av giroar</u></p> <p>Pakking fakturaer og fordeling/utlevering til postkassar.</p>	OK	styret
2.2	Fotballgruppa		
2.3	Friidrett/trimgruppa		
2.4	HC-gruppa		
2.5	Symjegruppa		
2.6	Hoppgruppa		
2.7	Orientering		
2.8	Økonomi		
.1	<p><u>Støtte til ØIL-fotball-deltaking i Lerum cup 2016</u></p> <p>Fotballgruppa søker om følgjande støtte:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kr 15 000 til Lerum Cup for aldersbestemte lag • Gjeld 9 lag med om lag 90 spelarar/trenarar/lagleiarar <p>Vedtak: Hovudlaget gjev følgjande støtte:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kr 15 000 til Lerum Cup 2016 for aldersbestemte lag <p>Føresetnaden er at prinsippet med at ØIL/ØIL fotball støttar med 50%/50% vert vidareført.</p> <p>Rekneskap m/bilag for Lerum cup skal leverast til og godkjennast av ØIL-styret.</p>	info	Styret/ kasserar
.2	<p><u>Støtte til J19-treningsleir i Evora i Portugal 16-24. mars 2016</u></p> <p>Sitat frå søknad datert 24.02.2016: <i>Viser til Øystese fotball si prioriterte satsing på kvinnefotball i 2016 (sportsplanen s. 7) og til planlagt treningsleir i Portugal, Evora.</i></p> <p><i>Det er 12 påmelde junior jenter som reiser. I tillegg vil underteikna og 2 assistenttrenarar André Matos, Jota Pereira og hovudtrenar João Vitor delta på turen – i alt 16 personar.</i></p> <p><i>Laget har hatt ei god utvikling siste år og har etter at dei kom opp i klassen J16 delteke 2 gonger på Norway cup, der dei oppnådde å</i></p>	info	

	<p><i>komme i 8-delsfinalen.</i></p> <p><i>I serien har dei gått frå 2. divisjon til 1. divisjon og fjorårets sesong hevda dei seg svært godt og vart skilde frå 2. plassen – ikkje ved målskilnad, men ved at laget som tok 2. plassen hadde scora eitt mål meir og like eins slept inn eit mål meir også. Kiving i toppen i på 1. div, med andre ord.</i></p> <p><i>Vi har få spelarar på alderstrinnet og vi meiner at ein treningsleir i trygge omgjevnader i Evora, der João, Jota og André er lommekjende og der dei har sytt for at heimelaget deira vert vertskap for oss, er det beste utgangspunktet for ein flying start på ein ny spanande sesong – også med tanke på å halda på dei aktive jentene vi har i klubben.</i></p> <p>Vurdering: Fotballgruppa har støtta treningsleiren med kr 10 000.</p> <p>Hovudlaget har dei siste åra gjeve støtte til deltaking på fotballcupar, hovudsakleg der mange lag frå ØIL deltek. Vidare har ØIL dekkta kontingentar for individuelle utøvarar og grupper på ulike stemner.</p> <p>Tilskot til treningssamlingar for enkeltlag innan fotballen, vurderer styret å liggje utanfor det tradisjonelle stønadsregimet for ØIL. Fotballgruppa sjølv må gjennom sin sportsplan og budsjett handtere denne type situasjonar.</p> <p>Styret i ØIL finn likevel ut frå argumentasjonen i søknaden, at eit mindre tilskot kan gjevast.</p> <p>Vedtak: Hovudlaget gjev følgjande tilskot:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kr 5000 til J19-treningsleir i Portugal 		Styret/ kasserar
<p>2.9</p> <p>1.1.2</p> <p>3.1.7</p>	<p>Eventuelt</p> <p>Styresaker frå 2015 under oppfølging</p> <p><u>Webprofil for ØIL i sosiale medier</u></p> <p>Gammal/utdatert ØIL-heimeside må fjernast. Vidar T. har snakka med Jan Tjosaas (IKTAL) som i si tid stod som administrator for heimesida.</p> <p>Styresaker frå 2014 under oppfølging</p> <p><u>Øystese idrettslag (ØIL) – vegene vidare</u></p> <p>Utover fotballen i ØIL er aktiviteten i dei ulike gruppene relativt låg. Allidrett for born opp til 10 år drive av Leif og Åshild i vinterhalvåret, er kanskje det viktigaste bidraget. Elles har laget Øystesetrimmen m/ open hall-arrangement, Torefjellstrimmen som del av ”Kom deg ut dagen” og idrettsmerkeprøve.</p> <p>ØIL er også ein aktør i samfunnsdebatten ved at styre har kome med innspel til kommuneplan og barnehageplan, m.v. Vidare har ØIL støtta ulike føremål i andre lag som kunne generere fysisk aktivitet.</p>	<p>info</p>	<p>styret</p> <p>styret</p>

4.1.9	<p>Samtidig har idrettslaget ansvar for hoppbakken i Myrane, eig 1/3 av Sjusete skisenter, og forvaltar ein formue på ca. ½ mill kr.</p> <p>Vedtak: ØIL-styret startar eit arbeid med å sjå på kva rolle ØIL kan spela i tida framover (tidshorisont). Er det bruk for eit allidrettslag i Øystese ?</p> <p>Tidlegare styresaker frå 2012 under oppfølging</p> <p><u>Rydding i og sanning av ØIL-historikk/arkivmateriale</u></p> <p>Protokollar m.v. står på ein pall på Fruktlageret. Sjekk med Kvam herad om innlevering av historisk materiale.</p>		styret
-------	--	--	--------

Rune Vik/ skriver